# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY


Radøy kommune 17 FEB 2014

Prestmarka barnehage

Postboks 120
5931 MANGER

| Dykkar ref. | Vår ref. | Saksbehandlar – tlf. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|---|---|
| | 2007/1180 - 3311/2014 | Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70 | 1260 Radøy | 12.02.2014 |

## PRESTMARKA BARNEHAGE AVD. SOLHALL TILSYN OG GODKJENNING 2014

### ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR

Den 18.10.12 hadde Prestmarka barnehage avd. Solhall tilsyn etter *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."* (ref. 2007/1180 - 26101/2012). Avvik som vart avdekka samsvarte ikkje med krava i forskrifta.
Prestmarka barnehage avd. Solhall tilfredsstilte ikkje krava til godkjenning etter forskrifta.

Den 10.12.13 sendte barnehagen brev til Miljøretta helsevern om at avvika var lukka.

## ➢ *Tilsyn*

Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde utførte eit nytt tilsyn etter *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."* i Prestmarka barnehage avd. Solhall den 12.02.14. Inneareal og uteareal vart inspisert.
Styrar Rita Amundsen møtte for verksemda.

Det er 28 barn (over 3) år på avd. Solhall, og avdelinga vart opna 15.08.12.
Avdeling Solhall har eit leike- og opphaldsareal på over 200 m$^2$. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m$^2$ for barn over 3 år. Prestmarka barnehage avd. Solhall har dermed tilstrekkeleg leike- og opphaldsareal.
Toalett, garderobe og opphaldsrom er tilrettelagt for brukargruppa.

**Avvik som vart påpeika ved tilsynet**

**§ 9; Utforming og innreiing**

1. Det manglar sikring av stikk-kontaktar.

**§ 11; Måltid**

2. Det manglar rutinar for kontroll av temperatur på kjøl (-1 – 4 °C) og frys (-18°C eller lågare). Det må førast avvik når temperatur på kjøl/frys avvikar frå krava.


| Postadresse: | Besøksadresse: | Telefon: 56 37 50 00 | Bankkonto: 1503 22 54567 |
|---|---|---|---|
| Kvernhusmyrane 20 | Rådhuset Knarvik | Telefaks: 56 37 50 01 | Organisasjonsnr: 935 084 733 |
| 5914 Isdalstø | | | |

E-post: postmottak@lindas.kommune.no Heimeside: www.lindas.kommune.no Kartside: www.nordhordlandskart.no

**Avvik som er retta:**

**§ 9; Utforming og innreiing**

*Tidlegare avvik: Utearealet er ikkje tilstrekkeleg for barnetalet.*

Utearealet er betydeleg utvida, og tilfredsstillar nå krava til uteareal. Det er utforma slik at det gjer gode moglegheiter for leik, sosial kontakt og rekreasjon til alle årstider og i alle typar vêr.

**§ 14; Tryggleik og helse**

*Tidlegare avvik: Tilkomst til barnehagen er ikkje tilfredsstillande.*

Foreldre har fått melding om å nytta ei tilkomstveg til barnehagen bak bygget. Her er parkeringsplass, og moglegheiter til å levere og hente barna utan at dei må krysse trafikkert veg. Port på framsida er stengd om morgonen, slik at denne ikkje vert nytta, då denne tilkomstvegen utgjer ei fare.

## ➢ *Vedtak*

- Avvik nr. 1 og 2 må rettast innan 01.03.14.

Etter delegert mynde frå Radøy kommune, vert Prestmarka barnehage avdeling Solhall godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Vurdering om godkjenning vert gjeve etter tilsyn den 12.02.14.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Radøy kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Dersom det er spørsmål i samband med denne saka, ring gjerne Miljøretta helsevern på 56375770 / 95019609.

Med vennleg helsing

Grethe Fosse
Kommuneoverlege
(sign.)

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

**Kopi:**

Radøy kommune v/Jarle Landås
Radøy kommune v/Tore Rikstad